

	DEN NORSKE KYRKJA Vestnes kyrkjelege fellelsråd ÅRSMELDING 2014
---	--

INNHALD:

1. Personalsituasjonen

- 1.1. Tilsette
- 1.2. Kommentar

2. Organisasjon og økonomi

- 2.1 Kyrjekontoret
- 2.2 Samarbeidet med kommunen
- 2.3 Økonomi
- 2.4 Samarbeid mellom sokna

3. Kyrkjeleg fellelsråd

- 3.1. Samansetjing
- 3.2. Aktiviteten i fellelsrådet
- 3.3. Administrasjonsutval
- 3.4. Bygningsutval

4. Kyrkjene

- 4.1. Brannvern
- 4.2. Elektriske anlegg
- 4.3. Fiksdal kyrkje
- 4.4. Vestnes kyrkje
- 4.5. Tresfjord kyrkje
- 4.6. Vike kyrkje

5. Kyrkjegardane

6. Kyrkjebladet

7. Heimeside

8. Kyrkjeleg årsstatistikk

9. Mål og arbeidsoppgåver for 2015

Vedlegg:

Årsmelding frå diakonen

Årsmelding frå kantor

Årsmelding frå trusopplærar

1. PERSONALSITUASJONEN

1.1 Tilsette pr. 31.12.14.

Kantor :	Sissel Fosslø Schjøtt (100% stilling)
Organist:	Vakant (15% stilling) . Div.vikarorganistar
Diakon	Ellen Edvardsen (100% stilling) permisjon frå 31.03.2014 Diakon i vikariatet er Tone Hvidsten (80% stilling) frå 01.08.2014
Sekretær	Reidun Blø (80% stilling)
Trusoppl.prest	Sivert Hovde (70% stilling) frem til 08.06.2014 Ingvild Venås Sanchez (80% stilling) frå 01.09.2014
Kyrkjevevje	Toril L.Nerland (100% stilling) Sjukmeld frå 12.08.2013 Vikar: Sigurd Moltubak(100% stilling) frem til 01.07.2014 Olav Egil Tomren (100%stilling) frå 01.08.2014
Kyrkjetenarar	Geir Falch (100% stilling) Tormod Hoel, Vike kyrkje (ca 10% stilling, timebasert) Thor Ringsby (Ca 10% stilling, timebasert) Hans K Sylte (Ca 20% stilling, timebasert) Håvard Skrede (ca.15% timebasert)
4 klokkarar	Fiksdal: Kari Nakken Vestnes: (ca.7%) har KRIK-styret gjort på omgang i 2013. Tresfjord: Brit Eli Sætre Knudsen. Løn vert overført til soknet. Vike: Ingrid Gislås fram til 01.08.2014. (ca.4%) Maria Løvik Salte frå 01.09.2014 (ca. 4%)
4 lokale kyrkjevevjer i ombod	Ivar Magne Bergheim, Fiksdal Jostein Bø, Vestnes Lars Bjermeland, Tresfjord Tormod Hoel, Vike

Tilsett av Møre Bispedømeråd med teneste i Vestnes prestegjeld:

Sokneprest	Finn Arne Roaldsnes frem til 01.05.2014 (Vestnes og Fiksdal sokn)
Sokneprest	Signe Hellevik frem til 01.05.2014 (Tresfjord og Vike sokn) frå 01.05.2014 (Vestnes og Fiksdal sokn)
Sokneprest	Inger Marie Jakobsen Sylte frå 01.05.2014 (Tresfjord og Vike sokn)

1.2 KOMMENTAR

Vestnes kyrkjelege fellelsråd har ein svært godt fungerande stab, som ofte tek ansvar langt utover det ein kan forvente. Det har nok til tider vore utfordrande arbeidsmessig på kontoret, med permisjonar og ein del sjukefråvær også med kyrkjevevja. Andre tilsette tok på seg meir-oppgåver, og arbeidet vart utført på ein framifrå måte.

Organiseringa av kyrkjetenartenesta har fungert godt, og dyktige medarbeidarar har gjort ein svært god jobb ute på kyrkjene og kyrkjegardane.

Stor takksemd til alle tilsette som ikkje berre utfører arbeidet dei er sett til, men som også er positive og viser god evne til omstilling.

2. ORGANISASJON OG ØKONOMI.

2.1 KYRKJEKONTORET.

Kyrkjekontoret held til i “gulehuset” på Myra, og plasseringa fungerer godt. Bygget vart rehabilitert i 2007, og gangområdet vart måla i 2012. I tillegg til dette installerte kommunen ein konvektor/”varmepumpe” i rommet utanfor kontora, og dette gir oss god og jamn varme heile året.

Noko datautstyr har blitt skifta ut. Staben kunne hatt behov for ein ekstra skrivar til bruk under store kopijobbar som legge beslag på den kombinerte kopi/skrivaren, eller når den får ”krasj”, gjerne når vi har det hektisk med mykje kopiering av program eller liknande.

2.2. SAMARBEIDET MED KOMMUNEN.

Tenesteytings-avtalen med kommunen fungerer framleis godt og tener intensjonen. Husleige, rekneskapsføring, lønskøyning, IT og graving er viktige deler av denne avtalen.

Kommunikasjonen mellom kyrkja og kommunen er god.

Både kyrkja og kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å ta initiativ til regelmessige møte og utvikle budsjettprosessar som sikrar god og gjensidig informasjon, medrekna drøfting og klargjering av dei premissane både kyrkja og kommunen meiner må leggst til grunn i budsjettarbeidet.

2.3. ØKONOMI.

Økonomien til kyrkjeleg fellelsråd er i hovudsak basert på tilskot frå Vestnes kommune. For 2014 var løyvinga brto.til drift kr 4 025 000, inkl. tenesteytingsavtalen. Nto. løyving etter fråtrekk av tenesteytingsavtalar vart kr. 3 594 193,-.

Pr. måned vart overføringa til drift kr. 299 516,-. For lønnsoppgjeret 2014 fekk fellelsrådet refundert kr. 67 688,- for årets lønnsauke.

Bispedømerådet dekker 50% av dei faktiske lønsutgiftene til diakonstillinga

Prosjektmidlar frå den statleg finansierte trusopplæringsreforma dekker lønnskostnadene til stillinga som trusopplærer.

Pr.1.1.14 var det et akkumulert underskudd på kr.222.425,-. For å få dekket underskuddet ble det i 2014 inntektsført i drifta kr.413.729,-. Dette blei belasta investeringskapitlet,og gjelder stipulerte lønsutgifter til kyrkjevevje for tidsbruk i jobben til investeringsprosjekter i perioden 2005 – 2013. Dette førte til at vi i 2014 kom ut med et driftsoverskudd på kr.445.204,-. Etter å dekke inn akkumulert underskudd frå tidlegare år på kr.222.426,- sit vi at med et overskudd på kr.222.778,-. Ser vi bort ifrå den ekstraordinære inntekstoverføringa, gjekk året med eit overskudd på kr.31.475,-.

2.4 SAMARBEID MELLOM SOKNA.

I følge kyrkjelova (§14) har fellesrådet ansvar for å fremje samarbeid mellom sokneråda, og utarbeide planar for det kyrkjelege arbeidet i kommunen.

3. KYRKJELEG FELLESRÅD

FELLESRÅD FRÅ 01.12.2011 - 2015

Thor Ringsby		Fiksdal sokn
Sara Marie Seljeflot		Fiksdal sokn
Sindre Taklo		Vestnes sokn
Knut Magne Flølo		Vestnes sokn
Anna Marie Mitchell		Vike sokn
Wenche Merete Fiksdal Vike		Vike sokn
Tore Bjermeland		Tresfjord sokn
Georg Moen		Tresfjord sokn
Geir Inge Lien		Komm.repr.
Lars Slettebø		Prost til 01.08.14
Signe Hellevik		Sogneprest frå 01.08.14
<u>Varamedlemar</u>		
Ann Iren Skeide Aasgard	(for Thor Ringsby)	Fiksdal sokn
Ola Nakken	(for Sara M.Selj.fl)	Fiksdal sokn
Lars Sigm.Kleive	(for Sindre Taklo)	Vestnes sokn
Jan Håkon Fjeldheim	(for Knut Flølo)	Vestnes sokn
Olha Lyakhovyn	(for A.M.Mitchell)	Vike sokn
Bjarne O.Leikarnes	(for Wenche Vike)	Vike sokn
Berit Karin Sætre	(for Tore Bjermel)	Tresfjord sokn
Kirsti Hegvik	(for Georg Moen)	Tresfjord sokn
Varamedlem for Signe Hellevik:		Inger Marie Sylte
Varamedlem for Geir Inge Lien:		Martin Kjøpstad

3.2 AKTIVITETEN I FELLESRÅDET.

Kyrkjeleg fellesråd har hatt 4 møte og handsama 27saker .
Desse er:

Saksnr.	Sakstittel
14/01	Godkjenning av møtebok frå 02.10.2013
14/02	Val av leiar og nestleiar for fellesrådet 2014
14/03	Revidert driftsbudsjett 2014
14/04	Fastsetjing av årsrekneskap 2013
14/05	Årsmelding 2013
14/06	Rapport ang. bruk av investeringsmidlar 2013
14/07	Rapport Trusopplæringsrekneskap 2013

14/08	Festeavgift kyrkjegardane
14/09	Årsrapport diakon og kantor 2013
14/10	Tilsetjing av kyrkjevevje/dagleg leiar
14/11	Godkjenning av møtebok frå 19/2 og 23/4-2014
14/12	Vedtak av Årsrekneskap 2013 etter revisjon
14/13	Rapport driftsrekneskap/budsjett pr. april 2014
14/14	Rapport ang.framdrift investeringar 2014
14/15	Bruk av investeringsmidlar 2014 - kr.200.000,-
14/16	Nedsetting av orgelkomite
14/17	System i gravrekker/plassering gravstein
14/18	Godkjenning av møtebok frå 04.06.2014
14/19	Framlegg til handlingsplan 2015-2018 frå Bygningsutvalet
14/20	Søknad om driftsramme 2015
14/21	Søknad om midlar kr.400.000,- til inv/vedl på bygg/anlegg 2015
14/22	Søknad om rentekompensasjonsmidlar til omlegging av kyrkjetak Fiksdal
14/23	Søknad om rentekompensasjonsmidlar til HC-toalett/vaskerom i Vike kyrkje og toalett universalt forma i Fiksdal kyrkje
14/24	Søknad om midlar til detaljprosjektering vedrørande utviding av Vestnes kyrkjegard
14/25	Økonomirapport pr.august 2014
14/26	Godkjenning av ferdigstilling av Fiksdal kyrkjegard
14/27	Staten og Den norske kyrkje – Eit tydeleg skilje - Høyringsrunde

3.3 ADMINISTRASJONSUTVAL.

Frå 01.12.2011 (for 4 år):

Thor Ringsby , leiar
Sindre Taklo, nestleiar
Reidun Blø, tilsetterepr.

Administrasjonsutvalet hadde 3 møte i 2014.

3.4 BYGNINGUTVALET

Frå 01.12.2011 (for 4 år):

Tore Bjermeland
Georg Moen
Olav Egil Tomren

Bygningsutvalet hadde 1 møte i 2014.

4. KYRKJENE

4.1 BRANNVERN

Alle kyrkjen er frå 2012 knytt opp mot 110-sentralen i Ålesund ang. brann, og mot teknisk vakt ved kommunen ang. innbrudds-alarmane. Dette ser ut til å fungere godt no. Det har vore ein del innkøyringsproblem og med det noko feilalarmar. Leverandør har ansvar for å følgje opp dette slik at alt fungerer som det var lova.

Anlegga blir kontrollert årleg av same firma som har kontroll på el-anlegga.

Anlegga har også utvendig detektering ved varmfølsam kabel i Fiksdal og Vike, og utvendige sniffarar på Vestnes.

4.2. ELEKTRISKE ANLEGG I KYRKJENE

Det er gjort avtale med eit elektrisk firma i Vestnes ang. kontroll av elektriske anlegg kvart 4.år. Dette firmaet kan også gjere termofotografering.

4.3. FIKSDAL KYRKJE

Det er gjort vanleg vedlikehaldsarbeid dette året.

4.4. VESTNES KYRKJE.

I tillegg til vanleg vedlikehaldsarbeid blei det foretatt omlegging av tak på kyrkja. Dette blei utført av Entreprenør K.Holseter AS. Malco ANS hadde også en jobb med utvendig maling av deler av kyrkja.

4.5. TRESFJORD KYRKJE.

I tillegg til vanleg vedlikehaldsarbeid blei det foretatt ei utvendig maling av kyrkja av Malco ANS..

4.6. VIKE KYRKJE.

Som den siste kyrkja i kommunen fekk kyrkja bårevogn i 2014. Det er elles gjort vanleg vedlikehaldsarbeid dette året.

5. KYRKJEGARDANE

På alle kyrkjegardane prøver ein heile tida å kontrollere at steinar er godt nok sikra, og varsle festarar når steinar t.d. er skeive. Av og til må vi legge ned steinar som er til fare for vanleg ferdsel på kyrkjegarden, i påvente av at "eigarar" skal få ordna problemet. Ein slik gjennomgang bør ein ha kvar vår/sommar.

Ein arbeider også med varsling til festarar der det er for store plantar/tre, eller planting og singel utanom plantefeltet. Her må ein prøve å formidle dette på ein slik måte at festarar forstår at slikt er til hinder for vanleg vedlikehald på kyrkjegarden, og er heller ikkje tillatt i iflg.forskrifter og vedtekter.

Utvidinga av Fiksdal kyrkjegard blei ferdig i 2014, og det nye feltet blei vigsla av prost Lars Slettebø i etterkant av høgmessa i Fiksdal kyrkje 16.november. Det var ei fin og minneverdig markering.

.

6. KYRKJEBLADET

Bladet kom ut med 3 nummer i 2014. Bladet når ut til alle heimane i kommunen og er ein viktig informasjonskanal. Folk gir gode tilbakemeldingar og viser at dei set pris på bladet ved å støtte det økonomisk.

7. HEIMESIDE

Heimeside for kyrkjelydane i Vestnes vart starta opp i 2011. Her ligg informasjon om aktiviteten i sokna, konfirmantpåmelding, rapportar frå forskjellige aktivitetar osv. Vi håper å bli stadig betre i å bruke denne informasjonskanalen som stadig fleire nyttar seg av.

8. KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK HOVEDTAL

	2014	2013	2012	2011	2010
Innmelde i Den norske kyrkja	2	0	2	1	2
Utmelde av Den norske kyrkja	8	4	3	6	7
Talet på døypte	41	47	74	57	70
Talet på døypte, busette i soknet	28	31	51	31	66
Konfirmerte i soknet	62	79	105	90	94
Kyrkjelege vigslar i soknet	8	16	15	5	18
Gravferder	54	82	63	68	63
Hovudgudstenester på søn- og helgedagar	89	87	89	89	92
Tal på deltakarar	6147	7579	9026	8 796	8700
Andre gudstenester/møter m/gudstl. karakter	14	14	15	17	12
Tal på deltakarar	1538	1675	1835	2332	1485
Gudstenester m/nattverd, søn- og helgedagar/talet på deltakarar	45	48	38	33	27
Tal på deltakarar til nattverd	1130	1262	1255	1505	859
Gudstenester med skriftemål	1	1	1	1	1
Familie - og ungdomsgudstenester i alt	19	19	15	20	22
Gudstenester med dåp	21	28			
Deltakarar ved dåpsgudstenestene	1912	2619			
Gudstenester i påska	8	8			
Talet på deltakarar på gudst. I påska	440	442			
Gudstenester i kyrkja for barnehage- og skule	8	7	10	7	8
Økumeniske gudstenester/møter	1	1	1	2	1
Barnehagebesøk i kyrkjene	4	5	3	2	2
Besøk i barnehagar	1	2	5	2	1
Klassebesøk i kyrkjene	6	4	10	5	5
Kyrkjelydane sine misjonsprosjekt i andre land	4	4	4	4	4
Kyrkjeofringar	275082	241206	248222	245955	229441
Andre innsamlingar	329145	117963	268288	338990	267913

9. MÅL OG ARBEIDSOPPGÅVER FOR 2015

Fellesrådet ynskjer å legge tilrette for godt samarbeid mellom sokna i samband med trusopplæring, diakoni og andre aktuelle prosjekt, og stimulere til aktivt planarbeid.

Når det gjeld drift, så håper fellesrådet at ein kan få noko auka økonomisk rammer framover slik at ein ikkje må gjere nedskjeringar på aktiviteten.

Når det gjeld bygg og anlegg, burde ein hatt faste løyvingar for fleire år framover, slik at nødvendig vedlikehald kunne gjerast på drifta. Dagen rammer er knapt store nok til å foreta det mest nødvendige av vedlikehaldsarbeid. Dette er ting ein må ha som mål å få i stand i samarbeid med kommunen.

Kommunen har imidlertid vore positiv til å søkje rentekompensasjonsmidlar til investeringar på kyrkjene.

Fellesrådet ber også kommunen om meir faste møte-stader, t.d. at fellesrådet får høve til å ha møte- og talerett i kommunale organ når desse handsamar saker som direkte berører fellesrådet si verksemd.

Fellesrådet har som mål å få økonomi til å kunne legge til rette for kompetanseutvikling for dei tilsette, og få gjort meir med stabsutvikling og anna som vil vere til oppmuntring og støtte i eit elles ofte stressande og travelt arbeids-fellesskap. Det er svært viktig å ta vare på kvar enkelt tilsett på ein god måte, då dette er verdifulle ressursar som vi må behalde og vere med og utvikle vidare.

Kyrkjeleg fellesråd vil takke dei tilsette og alle frivillige medarbeidarar, for god og trufast teneste gjennom året.

Olav Egil Tomren
kyrkjeverje